



Festidalen

INVITERAR TIL

PÅSKEFEST

2012



PLATESNURRAR:
TORGRIM ØYRE
QUIZ

Dønhauglåven, Uskedalen
7. april kl. 19:00 - 01:00
Buss heim kl. 01:30
Billettpris kr 300,-
(Statoil Husnes, Spar Uskedalen, Spar Rosendal)



Festidalen inviterar til påskefest i Dønhauglåven påskeafta og det

blir nok eit klårt høgdepunkt i påska her i bygda.
Det blir både quiz og platesnurring ved ingen ringare enn Torgrim Øyre

Men mykje vil gå
føre seg også hos Systrene Nilsen, som har kome med denne
orienteringa for oss:



Systrene Nilsen hadde knalopning i fjor. Korleis går det i år? (Foto: Ola Matti Mathisen)

No nærmar påsken seg og **Systrene Nilsen & Co**
gledar seg til å endeleg opne dørene att.

Vi har fyrste opningsdag skjærtorsdag med Quiz konkurranse.

Vi opnar dørene klokka 18:00, og startar med quiz konkurranse klokka 20:00.

Vi håpar på mange påmeldte lag, god påskestemning og fest etterpå.

Vi har allereie fått fleire påmeldte lag, og oppfordrar alle til å sende
e-post til systrene.nilsen@gmail.com dersom dei ynskjer å melde på lag allereie no.

Kanskje klarar vi å slå rekorden frå i fjor, men heile 20 påmeldte lag?

Langfredag blir det pubkveld med listepop.

Vi håpar på god stemning også denne dagen.

Laurdag er '**barnas dag**' frå klokka 12:00. Då lagar vi til påskerebus
for dei minste, det gledar vi oss VELDIG til!

Etterpå serverar vi salat og focaccia til dei vaksne og pølse i brød,
kanskje mest for dei yngste. Der blir brownies/muffins med is til dessert.

Også denne kvelden blir det listepop, og vi opnar dørene klokka 17:00, dersom
nokre ynskjer å komme på vorspiel før påskefesten til Festidalen.

Dørene er opne til klokka 02:00 også denne kvelden, med musikk
og forhåpentlegvis masse folk.

Alle er velkomne!

Beste helsing Systrene Nilsen